



Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5991 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3129 - 15/33588

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
03.11.2015

Gbnr233/12 Eide Indre. Spørsmål knytt til søknad om deling.

Syner til søknad om å få dele frå to parsellar på tilsaman om lag 2000m² frå gnr.233 bnr.12. Søknaden er sendt av Mikal og Martin Kirkevik som heimelshavarar, men denne førespurnaden vert retta til dykk sidan det er de som skal overtake tomta og er ført opp som den kommunen skal rette spørsmål til.

Kommune sende søknaden på høyring til overordna mynde i brev datert 09.10.2015. Frå Fylkesmannen i Hordaland kom det svar datert 29.10.2015.

I dette svaret rår fylkesmannen kommunen frå å gje løyve til tiltaket. Dette rådet er tufta på to argument.

Det eine er at tomta vert for stor. Slik ho er utforma vert fulldyrka areal og god skogsmark teke til byggeland, og det vil fylkesmannen ikkje tilrå.

Det andre argumentet er at fylkesmannen stiller spørsmål med om det er gjeve løyve til å fylle ut tomta. Fylkesmannen syner til at utfylling ikkje viser på flyfoto frå 2009, og stiller spørsmål ved om det ligg føre søknad om tiltaket til kommunen.

Underteikna har leita i arkiva og kan ikkje finnen nokon søknad? Fylkesmannen skriv: «Fylkesmannen stiller spørsmål ved om dette tiltaket er lovelg utført (utfylling i terrenget). Fylkesmannen er av den oppfatning at om planeringa ikkje er lovleg utført, så vil ei frådeling til bustadhus med grunngeving i at område allereie er planert, undergrave plansystemet på ein svært uheldig måte. Kommunen bør vere varsam med å dispensere i slike tilfelle.»

Kommunen ber no om at spørsmålet om fyllinga er lovleg utført vert dokumentert av dykk som representant for søkarane.

Slik tiltaket er skissert i søknaden, vil delar av ny tomt ligge på grunn som høyrer til gnr.233 bnr.1. Dette bruket er eigd av Herleif Dalland. For at den delen av ny tomt som ligg på denne eigedommen skal kunne delast frå, må det ligge føre søknad om løyve til deling frå eigaren. Den eksisterande fyllinga ligg delvis på 233/12 og delvis på 233/1.

Dersom arealet som ligg på 233/1 ikkje skal vere med i ny parsell ber ein om at det vert presisert.

Kommunen ber om svar på denne førespurnaden. Desse spørsmåla må avklarast:

- Om fyllinga er lovleg utført



- Om den delen av ny tomt som ligg på 233/1 skal delast frå
- Om tomta kan reduserast nære om lag 1000m²

Inntil det har komme svar frå dykk, vil saka ligge på vent hjå kommunen.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jan Rune Hosøy

Heltveitvegen 9 5991

OSTEREIDET